

---

**Fra:** Kjersti Møllerup Subba  
**Sendt:** 8. september 2016 12:37  
**Til:** 'ingjerd@adu.no'  
**Emne:** Tilbakemelding på forslag til mindre reguleringssendring for Mjåtvitmarka

Hei

Viser til telefonsamtale i går. På kartet under er SOSI-fila av forslag til mindre endring lagt over gjeldande plan, slik at vi kan sjå korleis dei «går i hop». Eg har er eit par spørsmål til plankartet som eg håpar du kan klargjere for meg, og nokre punkt som eg ser må endrast:

Foreslår at den delen av arealet for B3 som ligg  
utanfor gjeldande reguleringsplangrense vert  
tatt ut av planen.



Som vi snakka om på telefonen foreslår eg at feltnemningane blir endra slik at dei blir dei same som i gjeldande reguleringsplan. Det vil seie:

B1 endrast til B27-fs

B2 endrast til B26-fs

B3 endrast til B25-fs

V1, V2 og V3 kan gjerast til ei flate og ha same vegnavn som i gjeldande reguleringsplan V2.1. Sjølv om V2 er tenkt å ha ein annan funksjon (traktorveg jf. Forslag til føresegner) så er det naturleg at den blir ein del av V2.1 sidan den vil fungera som ein snuhammar for renovasjonsbil når arealet for renovasjon blir teken i bruk.

Som vi snakka om på telefon vil kommunen foreslå endringar i føresegndene med grunnlag i forslaget som er sendt inn frå dykk.

Ta gjerne kontakt viss du lurer på noko i forhold til opprettinga. Eg kan treffast på telefon 41 42 42 47 i dag, og kvar onsdag framover. Evt. kan også nytildelt plansakskonsulent Ingrid Raniseth kontaktast på tlf. 56171173.

Med venleg helsing

Kjersti Møllerup Subba